



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/9490-3

Endring av vedtekten til Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtekten til Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, jf. vedlegg 1, men gjer forslag om følgjande klargjeringar:

- I § 1:
«Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 01.01.20 har gått inn i Vestland fylkeskommune».
- I § 4:
«Valretten ligg til fylkeskommunen. [...] Fylkeskommunen vel leiar og nestleiar».
- I § 8:
«Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga. [...] Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.»

Vedlegg:

Utkast til nye vedtekter

Signert protokoll frå styremøte 02.09.19

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen oppretta Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling i 2007. Det følgjer av vedtekten § 2 at stiftinga har som føremål "å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskapning i Sogn og Fjordane fylke".

Valretten "ligg til hovudutval for plan og næring i fylkeskommunen", jf. § 4. Styret skal vere samansett av:

- *1 medlem frå hovudutval for plan og næring*
- *1 medlem som representerer næringslivet i fylket*
- *1 medlem som representerer arbeidstakarsida*

Gjeldande vedtekter er tilgjengelege i Stiftelsesregisteret:

<https://lottstift.no/stiftelsesregisteret/UploadFile/963410743.PDF?rand=588>

Styret i stiftinga har gjort framlegg om endring av vedtekten. Ifølge § 8 vedtek styret endringar i vedtekten, medan fylkesutvalet er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga. Vedtektsendringar skal dessutan godkjennast av Stiftelsestilsynet, som har omdanningsmyndet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Endringsforslaget

Styret foreslår endringar i §§ 1, 2 og 4. Endringane er markerte med utheva skrift under:

§ 1 Opprettning

Stiftinga er ei næringsdrivande stifting.

*Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. **Frå 1.1.2020 Vestland fylke.***

*Stiftinga sitt firma skal vere Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling og skal ha sitt forretningssete i Førde kommune. **Frå 1.1.2020 Sunnfjord kommune.***

§ 2 Føremål, drift m.v.

*Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i **det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.***

[...]

§ 4 Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Valperiode, valrett

Styret vert vald for ein periode på 4 år. Valperioden følgjer den kommunale valperioden.

*Valretten ligg til **fylkesutvalet** i fylkeskommunen.*

Samansetnad

Styret har tre medlemer.

Styret skal vere samansett slik:

- 1 medlem frå **fylkeskommunen**
- 1 medlem som representerer næringslivet i fylket
- 1 medlem som representerer arbeidstakarsida

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Styremedlemer skal veljast mellom representantar som bur og arbeider i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.

I endringsforslaget har styret erstatta "hovudutvalet for plan og næring" med "fylkesutvalet". Fylkesrådmannen gjer merksam på at formuleringa "hovudutvalet for plan og næring" stod att eit par stadar i § 4 i protokollen frå styremøtet, sjå vedlegg 2. Styreleiar sende difor eit oppdatert endringsforslag til fylkeskommunen, der "fylkesutvalet" er nytta i staden for "hovudutvalet" gjennom heile § 4, sjå vedlegg 1 og sitat ovanfor.

Grunngjeving for endringa

Styret grunngjев endringa slik i referatet frå styremøtet:

Utgangspunktet for endring av vedtekter har sin bakgrunn i at Sogn og Fjordane fylke ved årsskifte blir ein del av det nye fylket Vestland. Styret i stiftinga ønskjer å tilpasse vedtektena til dei intensjonar som låg til grunn for opprettning av stiftinga, nemleg at dei verdiar som ligg i stiftinga skal brukast i det geografiske område som fram til 1.1.2020 er kjent som Sogn og Fjordane fylke. Vidare ønskjer styret at ved oppnemning av styrrepresentantar skal desse komme frå det same geografiske område.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vurderer at endringsforslaget er ei naturleg tilpassing av vedtektena som følgje av fylkeskommunesamanslåinga. Sidan opprettninga har intensjonen vore at stiftinga skal fremje næringsutvikling og nyskaping i Sogn og Fjordane. Etter fylkesrådmannen sitt syn utgjer endringsforsлага presiseringar i samsvar med stiftinga sitt opphavlege føremål.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje noko hovudutval for plan og næring lenger, og Vestland fylkeskommune skal heller ikkje ha eit hovudutval for plan og næring. I § 4 har styret difor lagt opp til at fylkesutvalet skal velje styremedlemer. Fylkesrådmannen meiner den beste løysinga vil vere at «hovudutvalet for plan og næring» blir erstatta med «fylkeskommunen», då det uansett er opp til fylkeskommunen sjølv å avgjere kva organ i fylkeskommunen som skal velje styremedlemer, inkludert leiar og nestleiar. I så fall bør det også gjerast endringar i § 8, slik at rolla som høyringsinstans også skal ligge til «fylkeskommunen», og ikkje til eit bestemt utval. Etter gjeldande vedtekter er det «fylkesutvalet» som er høyringsinstans.

Med ovannemnde endringar vil § 4 og § 8 sjå slik ut:

§ 4 Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Valperiode, valrett

Styret vert vald for ein periode på 4 år. Valperioden følgjer den kommunale valperioden.

*Valretten ligg til **fylkeskommunen**.*

Samansetnad

Styret har tre medlemer.

Styret skal vere samansett slik:

- 1 medlem frå **fylkeskommunen**
- 1 medlem som representerer næringslivet i fylket
- 1 medlem som representerer arbeidstakarsida

Fylkeskommunen vel leiar og nestleiar.

Styremedlemer skal veljast mellom representantar som bur og arbeider i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.

[...]

§ 8 Omdanning

1. Vedtektsendring

*Styret vedtar endringar i vedtektena. **Fylkeskommunen** er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga.*

2. Opplysing m.v.

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fasjonere stiftinga.

Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til eventuell opplysning, fusjon eller fasjon.

Når det gjeld § 1, er fylkesrådmannen sitt syn at følgjande presisering vil vere meir treffande enn styret sitt forslag:

*Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune **som frå 01.01.20 har gått inn i Vestland fylkeskommune.***

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtektena, men med følgjande klargjeringar:

- I § 1:
« Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 01.01.20 har gått inn i Vestland fylkeskommune».
- I § 4:

- «Valretten ligg til fylkeskommunen. [...] Fylkeskommunen vel leiar og nestleiar».
- I § 8:
«Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga. [...] Fylkeskommunen er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.»